

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 02.07.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingrid Dirdal  
**SAKA GJELD:** **Årsoppsummering 2014 - Beslutningsforum for nye metoder**

**ARKIVSAK:** 2014/1284  
**STYRESAK:** **093/15**

**STYREMØTE:** **21.09. 2015**

.....

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek årsoppsummeringa for 2014 frå Beslutningsforum til orientering.

**Oppsummering**

«*Beslutningsforum for nye metoder*» starta sitt arbeid i møtet den 19. mai 2014. I møtet i *Beslutningsforum* den 15.06. 2015 blei det lagt fram Årsoppsummering 2014.

*Beslutningsforumet* godkjente då årsoppsummeringa med dei endringane som kom fram under behandlinga av saka. Årsoppsummering 2014 er lagt ved denne saka.

**Fakta**

*Det nasjonale systemet for «innføring av nye metoder i spesialisthelsetjenesten»* blei innført i 2013-2014, jf. styresak 049/14. RHF-a fekk i oppdragsdokumentet for 2013 i oppgåve å medverke til etableringa av systemet, og Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har gitt RHF-a viktige oppgåver knytt til drift av systemet, avgjersler om nye metodar som skal vurderast, og kva for nye metodar som kan nyttast i spesialisthelsetenesta.

Beslutningsforumet vert leia av administrerande direktør i Helse Nord, Lars Vorland, som også leier det interregionale AD-møtet.

Av totalt 18 metodar/medikament som var til behandling i «*Beslutningsforum for nye metoder*» i 2014 blei åtte metodar/medikament avgjort å innførast, seks blei ikkje innførte, og fire fekk utsett behandling for innhenting av meir informasjon, ny metodevurdering m.m. Det var ingen saker på vent til behandling pr. 31. desember 2014.

**Kommentarar**

Etter at dei nasjonale metodevurderingane er gjennomførte vurderer det interregionale fagdirektørmøtet rapportane. Kvar fagdirektør gir si tilråding til sin administrerande direktør. Det er avgjerande at dette er samordna avgjersler i dei fire RHF-a, slik at heile befolkninga får lik tilgang til nye metodar. Systemet legg difor opp til at fagdirektørane drøftar sakene og søker å kome fram til ei eins anbefaling til *Beslutningsforum*. Etter denne prosessen tek dei administrerande direktørane i dei fire RHF-a ei avgjersle om metoden skal nyttast i spesialisthelsetenesta. For tida er det fagdirektør Baard-Christian Schem i Helse Vest RHF som leiar det interregionale fagdirektørmøtet og Helse Vest har då sekretariatsfunksjon og koordinerer mellom anna dette arbeidet med å fremje ei anbefaling til *Beslutningsforum*. Fram til no har fagdirektørane gitt eins anbefaling til dei respektive administrerande direktørane.

**Konklusjon**

Beslutningsforumet har kome godt i gang med arbeidet, og dei administrerande direktørane i helseregionane i RHF-a er tilfredse med samarbeidet med aktørane i «*Nasjonalt system for innføring av nye metoder i spesialisthelsetjenesten.*»

Vedlegg:

Beslutningsforum for nye metoder - Årsoppsummering 2014